


### Vedlegg 1: Bileter frå dagens situasjon FV410



Vegen er dobbel frå kommunehuset og ned til der gamle nedkjørsla til Seilfaldet var. Her snevrar vegen inn og vert smalare på høgre side. Nordsida av vegen.




Ved å fortsette utvidinga på høgre side av vegen, nordsida, vil ein bruke av arealet som inngår i regulert område, i staden for å øydelegge vår tomt som ikkje ein gang er involvert i regulert område, men grensar til dette!



Ein enkel strek teikna inn på eit kart for å tydeleggjere kva som meinast med å fortsetje på den sida av vegen det er naturleg å utvide på, både med tanke på kvar vegen går i dag, og korleis det går ut over eigedommane som alt er opparbeida i området. Ved å utvida på nordsida av vegen er det den i dag ubebygde tomten 45/9 som vil måtte nyttast – og den er jo ein del av reguleringsområdet!



Bileta på denne sida her viser tydeleg at terrenget tilseier at ei utviding bør foregå på nordsida av vegen, der det i dag er slåttemark – som er omregulert til bustadfelt. På sørsida går tomten vår 3 meter lågare enn FV410, og ved å flytta vegen 4 meter inn på den sida vil denne delen av tomten vår verte heilt ubrukeleg – og utilgjengeleg! Då me reknar med det må ei viss mengd utfylling til for å få til å byggja ein trygg veg her.





Og sist men ikkje minst, eit bilete frå nedkøyinga til garasjen vår. Ved å flytta vegen 4 meter nærare huset vårt mister me tilkomsten til garasjen, om me ikkje skal køyra i trappene då.